

TAR OPP TRÅDEN: Arntzen skriver om kroppspress, etter å ha tatt for seg moteindustrien. FOTO: TOM HENNING BRATLIE

Det ytre: Mari Grinde Arntzen har laga ein vellukka perfeksjonsdetox.

Plettfri kapital

«S»kuldrene skal nemlig være lave denne høsten [...] Da er det perfekt med ett (og bare ett) oppussingsprosjekt.»

Hausten 2014 hadde interiørmagasinet *Maison* notert seg ein viktig trend: Utruleg nok dominerte ikkje dei høge skuldrene motebiletet lenger. Derfor var det perfekt å ikkje pussa opp så mykje. Men, påpeikar Mari Grinde Arntzen, legg merke til bruken av modale hjelpeverb. Skuldrene dine skal vera låge. Du bør ha denne kosebuksa til 2000 kroner. Du må trenar crossfit. Det er nemleg ikkje nok å vera eit heilt vanleg menneske. Forbettringspotensialet er massivt heilt til du blir perfekt.

Arntzen har i løpet av få år etablert seg som ei av dei viktigaste motevitenskaplege bloggare i Noreg. «Perfekt. Skapelsen av det plettfriske mennesket» tar opp tråden frå Arntzen si først bok «Kleskoden» (2013) som dissekerte moteindustrien, kapitalen og mennesket sin stormannsgalne pyntetron. Nå tar Arntzen pulten på kropp- og livsstilspresset, der refrenget er eit medieskapt krav om perfeksjon formidla med *Thousand Island-farga* overskrifter.

Magasin med glans, blogg og reklame dikterer uoppnåelege ideal, for så å visa vegen dit. Dei er forkledde som ei fortruleg venninne med gode råd, men mellom alle betakarotensprøyte finst eit profittmaskineri som må takast på alvor. Den visuelle veggen med photoshoppa kroppar har gjort oss døvblinde for desse mekanismene. Presset er stort. På grunn av det massive mediekonsumet gjennom tallause kanalar og det naturleg mimetiske begjæret vårt, er vanleg, norsk ungdom skadeleg misnøgd med dei heilt vanlege kroppane sine. Ein perfekt kropp er estetisk

SAKPROSA

Mari Grinde Arntzen
Perfekt
– Skapelsen av det plettfriske mennesket
Forlaget Manifest 2015, 164 sider



kapital i eit samfunn som dyrkar overflate.

«Perfekt» eltar saman detaljobservasjonar, anekdotar, statistikk, psykologi og medieteoriar til ein solid glutendeig. Resultatet er heilskapleg, truverdig og perfekt for alle som kjenner seg oppblåste etter å ha ete ei brødskeive. Arntzen sin styrke ligg i sylkvasse observasjonar formidla med utgangspunkt i at alle skal med. Ho kan kunsten å omsetja kompleks, ullen materie til lettfattelig prosa. Når Arntzen skildrar strukturane som styrer perfeksjonshungeren, er språket upretensiosintelligent: «Blogguniverset er kanskje malt i lyse, femtine farger og blir servert som noe lettbeint og underholdende. Men alvoret i prosjektet er der, som en mørk skygge i havet en sommerdag». Det beste er likevel at grunntonen i «Perfekt» er menneskevennleg utan å vera moralistisk.

Linjene er lange i «Perfekt». Konklusjonane kjem raskt. Iblant kan boka kjennast som

ein lang kronikk, med liten tolmod mellom kvart poeng. Ein kunne ønskja seg hundre sider meir bok, med noko meir kjøtt på beinet utvalde stader. Arntzen kunne hatt fleire kjelder enn filosof Lars Fr. H. Svendsen, også raust sitert i «Kleskoden», når ho skildrar det perfekte supermennesket som kollektiv oppskrift på korleis alle menneske bør vera.

Etter å ha trekt trådar mellom ideala i visuell kultur og mennesket som forsøker å orientera seg, kastar Arntzen blikket framover. Me må tenkja sjølve. Me treng meir humane verdiar. Media må opplysa skikkeleg. 3D-printing endrar ting. Piketty. Og: «Verden må i det hele tatt struktureres om». Eit av venstresida sine grunnproblem er at den er dyktig på å skildra problem, men ikkje best på konstruktivitet. Kulturanalysen har stått sterkare enn studiepoeng i økonomi. Eg kritiserte Arntzen si bok «Kleskoden» for nettopp mangel på løysingar. Å staka ut ein ny kurs kunne ha gjort «Perfekt» perfekt, nå er forsøket halvhjarta og for kort oppsummert.

” Grunntonen er menneskevennleg utan å vera moralistisk.

Det tar likevel ikkje brodden frå Arntzen sine resonnement. Ein stor del av prosjektet hennar verkar vera å gi nye briller som skal avsløra mediemaset og dermed hindra kopitron.

I eit land som tidlegare har fnyst av mote og annan pynt, er det godt gjort å opparbeida autoritet på feltet. Opplysningsprosjektet er eit viktig bidrag for ein generasjon unge vaksne med høge skuldre. «Perfekt» senkar skuldrene. Ikkje fordi dei skal vera perfekt låge akkurat nå, men fordi det er menneskeleg.

Hanna Maria van Zijp

bokmagasinet@klassekampen.no

Årets viktigste: Inga Marte Thorkildsen sykdom og diagnoser – de tegnene

Når ble jeg



ESSAY

KAJA SCHJERVEN
MOLLERIN

Hvordan blir det synlige til? Det synlige betyr vanligvis det som kan ses, av den enkelte eller av et større fellesskap.

Det som kan ses. For meg er dette en tvetydig formulering. På den ene siden forstår man at det også finnes noe som ikke kan ses. Det er vel derfor, kunne man videre tenke, at vi har et ord som synliggjøre: Ting som i utgangspunktet ikke er synlig, kan bli gjort synlig. På den andre siden er det mulig å forstå denne formuleringen, «det som kan ses», som at det ikke finnes noe utenfor det synlige. At det vi ser, er alt som er å se.

Sånn sett rommer uttrykket en tanke om at vi som regel betrakter verden med selvfølgelighet, etter vaner og mønstre vi har lagt oss til, gjennom erfaring og kunnskap, men også sløvheter og ubetenksomhet. Og, ikke minst, av nødvendighet: Hver dag er fylt av situasjoner hvor vi, udramatisk, sorterer ting bort, ut av synsfeltet. Vi ser først og fremst det vi trenger å se for å orientere oss i verden, ikke alle slags distraherende detaljer.

Hva jeg ser og ikke ser, er altså både skjult og åpenbart for meg.

Jeg ble gående og tenke over disse tingene i våres, nærmere bestemt første halvdel av mai, da verden igjen var i ferd med å bli grønn, og det, med noen få dagers mellomrom, dumpet to bøker ned i postkassa mi. Først Inga Marte Thorkildsens «Du ser det ikke før du tror det», så Toni Morrisons «God Help the Child». Bøkene handler – på hver sin måte – om mishandling, om vold og overgrep mot barn, og om de dramatiske konsekvensene det har, når noe nettopp ikke blir sett.

Usynliggjort

Man skulle tro at en bok som «Du ser det ikke før du tror det», skrevet av en profilert politiker, om et godt doku-


SAKPROSA

Inga Marte Thorkildsen
Du ser det ikke før du tror det. Et kampskrift for barns rettigheter
Vigmostad og Bjørke 2015, 290 sider



ROMAN

Toni Morrison
God Help the Child
Alfred A. Knopf 2015, 178 sider



SAKPROSA

Anna Luise Kirkengen og Ane Brandtzæg Næss
Hvordan krenkede barn blir syke voksne
Universitetsforlaget 2015 (3. oppl.), 248 sider



mentert og skremmende stort samfunnsproblem, ville slå ned som en liten bombe i norsk offentlighet. Den som fulgte mottakelsen av Thorkildsens bok, kunne i stedet bli vitne til noe ganske besynderlig: Mens boka ble liggende fire uker på bestselgerlista, har den i skrivende stund bare fått én anmeldelse. Av den ene anmelderen, i Bergens Tidende, fikk Thorkildsen høre at boka «burde vært ført med [...] mer innestemme». Nå er ikke nødvendigvis alt man sier her i verden